



2024-2025

# Årsplan for Søre Grindstugu barnehage



## ÅRSPLAN

Barnehagen skal utarbeide ein årsplan, i tillegg kjem avdelingane sine månadsplanar for kvar månad som syner meir detaljert korleis dei arbeidar. Årsplanen er eit arbeidsreiskap for barnehagepersonalet og dokumenterer barnehagen sine val. Årsplanen kan gje informasjon om barnehagen sitt pedagogiske arbeid til mynde nivået, barnehagen sine samarbeidspartnarar og andre interesserte. Den skal godkjennast av barnehagen sitt samarbeidsutval.

*Formålet § 1 i barnehageloven; Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal bygge på grunnleggende verdier i kristen og humanetisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfrihet, nestekjærlighet, tilgivelse, likeverd og solidaritet, verdier som kommer til uttrykk i ulike religioner og livssyn og som er forankret i menneskerettighetene. Barna skal utfolde skaperglede, undring og utforskartrang. De skal lære å ta vare på seg sjølv, hverandre og naturen. Barna skal utvikle grunnleggende kunnskaper og ferdigheter. De skal ha rett til medvirkning tilpasset alder og forutsetninger.*

*Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og anerkjenne barndommens egenverdi. Den skal bidra til trivsel og glede i lek og læring, og være et utfordrende og trygt sted for fellesskap og vennskap. Barnehagen skal fremme demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering".*

## VERDIGRUNNLAGET TIL BARNEHAGEN

Verdigrunnlaget til barnehagen skal formidlas, praktiseres og opplevas i alle deler av det pedagogiske arbeidet i barnehagen. Barndommen har ein eigenverdi, og barnehagen skal ha ei heilskapleg tilnærming til barna si utvikling. Samfunnsmandatet til barnehagen er, i samarbeid og forståing med heimen, å vareta barna sitt behov for omsorg og leik og fremje læring og danning som grunnlag for ei allsidig utvikling. Leik, omsorg, læring og danning skal sjåast i samanheng (Rammeplan).

Barnehagelova og Rammeplan for barnehagen (som er ei forskrift til loven) er det som styrer barnehagane sitt innhald.

Vedtektene for barnehagane i Vågå kommune finn du under Vågå kommune si heimeside under barnehage.

<http://www.vaga.kommune.no/barnehageportalen>

## **FOKUSOMRÅD FOR BARNEHAGANE i 24/25:**

### **"Korleis kan dei tilsette legge til rette for godt leikemiljø inne i barnehagen"?**

I to år har barnehagane i Vågå ha eit felles utviklingsarbeid der HINN (høgskulen i Innlandet) var ein samarbeidspartnar. Fyrste året hadde vi fokus på vaksenrolla i leik, og i fjor var det fokus på korleis den vaksne sin deltaking i leik bidreg til barn sin trivsel, og korleis den vaksne i leiken kan bidra till at alle barn blir inkludert i leiken.

I år driv vi dette aleine og har nå fokus på korleis vi kan legge til rette for gode leikemiljø. Det å vere til stade i leiken saman med barna er noko vi skal streve etter og som vi nå skal ha fokus på framover. Vi vaksne blir kjent med ungane på ein betre måte ved å involvere oss i leiken og ungane likar det. Vi skal respektere leiken og vere på deira nivå, eller vere i nærleiken som støtte om barna treng dette. I lag utviklar vi leikekompetanse og bygger eit godt psykososialt miljø.

Kvar avdeling har utvikla sine eigne mål med tanke på den aldersgruppa dei har.

Dei tilsette skal legge til rette for godt leikemiljø gjennom:

- ▶ Organisere rom, tid og leikematerialet for å inspirere til ulike typer leik
- ▶ Bidra til at barna får felles erfaringar som grunnlag for leik og leggje til rette for utvikling av leiketema
- ▶ Fremje eit inkluderande miljø der alle barna kan delta i leik og erfare glede i leik
- ▶ Observere, analysere, støtte og delta i og gjere leiken meir verdifull på barna sine premisser
- ▶ Rettleie barna dersom leiken medfører uheldige samspilmønster
- ▶ Vere bevisste på og vurdere si eiga rolle og deltaking i leiken
- ▶ Ta initiativ til leik og aktivt bidra til at alle kjem inn i leiken

## **LEIKEN**

Leiken er for barnet det viktigaste fundamentet for all utvikling. Leiken er kjerna i pedagogikken i barnehagen vår og målet vårt er leikesterke barn og leikekloke vaksne!

"leiken er barnets egen pedagogikk, deres egen måte å lære, bearbeide og skape noe nytt" (Margretea Øhman).

Barn lærer gjennom samhandling med andre barn, sine omgjevnad og kompetente og trygge vaksne. Dei vaksne skal vera tilgjengelege for barna sine initiativ, deira interesser og nysgjerrigheit slik at barna opplever å ha medverknad på sin eigen kvardag.

Gjennom rolleleik lærer barna blant anna: turtaking / vente på tur, følge spelereglar, lære sosiale koder, ta i mot beskjeder, gje beskjeder, lytte, bli lytta til, lære å løyse konflikhtar, lærer å forhandle og fordele roller, lærer om fleksibilitet, lærer seg å regulere åtferd, ta initiativ, takle vanskelege kjensler, utvikle empati, prøve ut ulike roller, prøve og feile, oppleve meistring, øve opp konsentrasjon og merksemd, tileigne seg kunnskap, bruke fantasien, ha det morosamt i lag med andre barne og vaksne - for å nemne noko. Så leik er ikkje «berre» leik – her ligg det mykje læring som blir viktig seinare i livet og skapar gode forutsetningar for barna si danning. Leik er <<Leik er spontan og frivillig og har stor betydning for barn si psykiske helse.

Barn får impulsar og inspirasjon til leiken gjennom opplevingar. Barnehagen skal inspirere til fantasi, skaparglede og undring. Dei tilsette skal være tilgjengelege for barn ved å støtte, inspirere og oppmuntre barna i deira leik. Dei vaksne har ei viktig rolle med tanke på barn som slit med å få innpass i leiken. Dei vaksne skal vera tilgjengelege og synlege for barna i deira leik slik at dei kan få støtte om dei skulle kunne trenge det.

Å få delta i leik og få barnehagevenner er grunnlaget for barn sin trivsel i barnehagen.

## **TRIVSEL**

Det at barn trivst godt i barnehagen er det viktigaste målet for god barnehagekvalitet. Barn sin trivsel er dei vaksne sitt ansvar. For å oppnå dette er desse punkta vesentlege:

Dei vaksne skal; - skape trygge rammer – vera tilgjengelege - gje av seg sjølve; tryggleik, respekt og omsorg - bidra til at vennskapsband blir knytte - førebygge mobbing – bygge gode sosiale relasjonar - vere ein leikeklok vaksen.

Barn skal: - få utvikle seg i eit trygt miljø - bli sett, høyrte og forstått - få medverke uansett alder, modning og funksjonsnivå - ha høve til å utvikle vennskap

For å dokumentere trivsel i barnehagen har vi det siste åra gjennomført samtaler/barneintervju med 4 og 5 åringane. Gjennomgåande må vi si at i barnehagen vår trivst barna godt, og dei opplever å ha venner. Kvart år ser vi likevel at den viktige informasjon dei gjev kan vi som vaksne lære mykje av, for å bli enda betre i vaksen rolla vår.


## **TIDLEG INNSATS**


Vågå kommune skal flytte tyngdepunktet i arbeid med barn og unge frå å behandle problem til å førebygge at dei oppstår. Vi skal vurdere tiltak straks ein oppdagar at eit problem er under utvikling. Ved å førebygge og ta tak i problem tidleg kan ein forhindre at dei veks seg store.

Dei tilsette ser barna i det daglege og i samhandling med andre menneskjer. Vi vil som oftast oppdage om noko er annleis med veremåten og utviklinga til eit barn. Når det oppstår uro i samband med den mentale, sosiale eller fysiske helsa til eit barn har vi som vaksne ansvar for å gå vidare til den rette faginstansen i samråd med dykk som foreldre.

Barnehagen har meldeplikt til barnevern (jf. barnehagelova). Foreldre skal informerast om, involverast i og samtykke til tilvisingar som barnehagen gjer til eksterne faginstansar.

I Vågå kommune har vi Ressursgruppe. Ressursgruppa er eit samarbeidsmøte mellom føresette og fagpersonar på barn og ungdom innan helse og oppvekst. Denne gruppa er eit fora for rettleiing / drøfting for at barn og ungdom skal få rett hjelp på eit tidleg stadium.

Tverrfagleg blikk tek vare på fleire perspektiv. 



## LEIK – LÆRING – OMSORG - DANNING

Barnehagen som pedagogisk verksemd har sin eigenart og sine tradisjonar som må ivaretakast. Erkjenning av barndommen sin eigenverdi står sentralt i denne tradisjonen. Den heilskaplege og integrerte tilnærminga som karakteriserer barnehagens verksemd, tek ein vare på i formålet blant anna gjennom omgrepa omsorg, leik, læring og danning.

### OMSORG

Alle barn skal møtast med omsorg i barnehagen, den vaksne skal vere lydhøyre og merksame for barna sine behov, dei skal vera nær og ha evne og vilje til samspel med barna.

Det er den vaksne sitt ansvar å ha gode relasjonar og positive haldningar til alle barn i barnehagen, både med tanke på enkelt barn, men også som barnegruppe.

Foreldre skal kjenne seg trygge på at deira barn blir godt ivareteken i barnehagen.

I rammeplanen står det at «alle barn har rett til omsorg og skal møtast med omsorg». Det er dei tilsette sitt ansvar å sjå til at dette blir gjort.

### LÆRING

Det er vanskeleg å skilje leik og læring frå kvarandre, for i barnehagealder heng dette tett saman. Vi som arbeidar i barnehagen skal legge til rette for eit stimulerande miljø der barna får lyst til å leike, utforske, lære og meistre. Vi skal stimulere nysgjerrigheita, kreativiteten og lysta til å lære meir om ting. Barna skal få undersøke, oppdage og forstå samanhengar, slik at dei utvidar synet sitt om ting og får ny innsikt.

Barna skal få bruke heile kroppen og alle sansane sine i ulike læringsprosessar. Å lære seg nye ting inneber å takle, prøve og feile, og finne nye innfallsvinklar. Dei tilsette må vere bevisste med å legge til rette for at barna skal takle både medgang og motgang.

## DANNING

Danning omhandlar alt av leik, læring, omsorg, sosialt samspel med barn og vaksne.

Vi må la barn få utfordringar og moglegheit til å utvikle kunnskap, ferdigheitar, gode haldningar i samsvar med det samfunnet forventar til ei kvar tid, støtte dei for at dei skal kunne handle omsorgsfullt og gjere etisk gode val. Gjennom danning legg ein grunnlaget for barnet si allsidige utvikling.

Gjennom gode dannelsingsprosessar sett ein barn i stand til å handtere og takle livet, bli robuste, ved at dei utviklar evna til å forholde seg prøvande og nysgjerrig til omverda, kunne klare å reflektere over eigne handlingar og veremåte, og til å sjå seg sjølv som et verdifullt medlem av et større fellesskap. Danning er noko som skjer gjennom heile livet.

## MEDVERKNAD

Barnehagen skal sikre barna sin rett til medverknad ved å leggje til rette for og oppmuntre til at barna kan gå gitt uttrykk for kva dei synes om den daglege verksemda i barnehagen, jf. barnehagelova §§1 og 3, Grunnlova §104 og FN sin barnekonvensjon art.12 nr .1. Barna skal jamleg få høve til å delta aktivt i planlegginga og vurderinga av barnehageverksemda. Alle barn skal kunne erfare å få påverke det som skjer i barnehagen. (*Rammeplanen*)

Medverknad er å bestemme saman med andre og å ha innverknad. Barna får koma med forslag og får vera med å bestemme, f.eks. kva for bøker vi skal lesa, kva vi skal gå på tur, kva for aktivitetar vi skal gjera osv. Alle kan ikkje få innfridd sine ynskjer til ein kvar tid, men de blir høyrte og det tatt opp i fellesskapet og med felles einast om løysningar. Medverknad er og å ta barna sine kjensler på alvor. Vi må sjå når dei er lei seg, sinte, glade og la dei få prate om dette slik at dei skjønner at vi tek dei på alvor. Dei tilsette arbeidar heile tida med å få til god kommunikasjon/relasjon med barna. Det er viktig å kunne lytte og få til gode samtalar. Det er viktig at dei tilsette er opne for dei attendemeldingane som barna gjev både språkleg og kroppslig, ta omsyn til dette i det daglege og med tanke på planlegging av aktivitetar for barnegruppa.

Barnehagen nyttar barneintervju for at barna skal kunne få fram sitt syn på trivsel og vennskap.



## PSYKOSOSIALT BARNEHAGEMILJØ

Frå januar 2021 fekk barnehagelova tilleggsparagrafar for å sikre barn eit godt psykososialt barnehagemiljø. Dette har vi ein eigen plan på som ligg ute på heimesida vår under Vågå kommune.

Den tek for seg § 41, 42 og 43 i barnehagelova som omhandlar: nulltoleranse og førebyggjande arbeid, plikt til å sikre at barnehagebarn har eit trygt og godt psykososialt barnehagemiljø (aktivitetsplikten) og skjerpa aktivitetsplikt dersom ein som arbeidar i barnehagen krenker eit barn.

## INKLUDERANDE BARNEHAGEMILJØ

I Vågå kommune skal alle barn oppleve eit inkluderande læringsmiljø, både fagleg og psykososialt. For å nå dette målet er det ein føresetnad at alle tilsette og foreldre samarbeider godt både med førebyggjande og haldningsskapande arbeid.

Det er utvikla felles plan og system for korleis vi møter desse utfordringane.

Planen ligg ute på Vågå kommune si heimesida og vi ynskjer at alle foreldre les denne og kvitterer for at den er lest på lik line med dei tilsette.

I 2025 skal alle tilsette gjennom ei kompetansepakke frå SePU (senter for praksisretta utdanningsforskning) som går på "inkluderande barnehagemiljø fritt for krenking". Dette består av 6 modular som alle avdelingar og tilsette skal gjennomføre i 2025.



## Miljø og berekraft

Ein berekraftig tankegang kan være slik: «Vi skal ikkje hauste meir av dagens ressursar enn at det blir nok ressursar att på jorda til generasjonen som kjem etter oss». Dessverre har jordas befolkning per i dag eit overforbruk av jordas ressursar; her må vi bidra til ei endring. Som enkeltindivid kan vi ikkje sjølv gjere ein stor endring for miljøet vårt, men vi kan tenkje at «ein kan ikkje gjere alt, men alle kan gjere litt».

" Barna skal lære å ta vare på seg sjølv, kvarandre og naturen. Berekraftig utvikling omfattar natur, økonomi og sosiale forhold og er ein føresetnad for å ta vare på livet på jorda slik vi kjenner det" ( Rammeplan 2017).

## FAGOMRÅDA TIL BARNEHAGEN

« Fagområda speglar område som har interesse og eigenverdi for barn i barnehagealder, og skal bidra til å fremje trivsel, allsidig utvikling og helse. Barnehagen skal sjå fagområda skal vera ein gjennomgåande del av innhaldet i barnehagen» (Rammeplan).

Det er sjeldan vi arbeider med kvar enkelt fagområde om gongen, de glir ofte over i kvarandre.

### **Kommunikasjon, språk og tekst**

Korleis gjer vi det i barnehagen vår?

- Vi legg vekt på den gode samtalen i lag med barna. Refleksjon og filosofering i kvardagen er viktig for å utvikle språket og fantasien.
- Barna har tilgang på bøker som er aldersadekvate som blir lese høgt for dei av dei vaksne, eller som dei «leikeles» saman med andre barn. Song og regler har vi ofte i samlingane våre og elles når det passar eller "leikeleser" bøker. De skal ha tilgang på ulik litteratur.
- Leikeskriving
- Femåringane har eit felles opplegg som de fylgjer : Tal - og språksprell
- Besøk på biblioteket

### **Kropp, rørsl, mat og helse**

Korleis gjer vi det i barnehagen vår?

- Vi serverer diverse grønnsaker til hovudmåltidet og ulik frukt til andre måltidet.
- Tilrettelagt inne miljø for grov - og finmotoriske øvingar der ungene får oppleva meistring og utfordringar.
- Barnehagen har tilgang på Vågåhallen som vi nyttar i løpet av året.
- Vi har stutt veg til Villaparken, Vågåvatnet og Dompå. Vi er mykje ute og om vinteren legg vi til rette for ski og skiglede.
- Vi har symjing / vasstilvenning for alle femåringane det siste barnehageåret.- usikkert om det skjer dette året da vi ikkje har basseng tilgjengeleg.

### **Mengd, rom og form**

Korleis gjer vi det i barnehagen vår?

- Sang og regle med matematiske begrep
- Finne former inne og ute, t.d. trekant, sirkel,
- Konstruksjonsleik og rolleleik
- Putte oppi ting, borte titt tei
- Bruke omgrep i kvardagen, t.d. oppe, bak, under, ved sida av, plassering i rommet
- Spel, puslespel, teikne og perle
- Opplegg i femårsklubben med tal- og språksprell
- Sortere og kategorisere
- Skattejakt

Vi har ein eigen matteplan som ligg ute på heimesida til Vågå kommune, under kommunale barnehagar



## **Etikk, religion og filosofi**

Korleis gjer vi det i barnehagen vår?

- Omsorg og anerkjenne barna
- Markerer ulike høgtider
- Prate om kjensler
- Kjenne att kjensler hjå andre
- Undre seg i lag med barna
- Problem løysning og sjølvstendig tenking, vere til stades for barna, førebygge og hjelpe til i konflikta. Robuste barn.
- Vise empati
- Vaksne skal vera gode rollemodellar

## **Nærmiljø og samfunn**

Korleis gjer vi det i barnehagen vår?

- Trygg på seg sjølv, vaksne og andre barn i barnehagen
- Feire nasjonaldagen
- Markere samefolket sin dag
- Bli kjent i nærmiljøet, t.d. ulike arbeidsplassar, kva som er rundt barnehagen
- Kjeldesortering, fokus på miljø, bærekraftig utvikling
- Gjenbruk
- Bli kjent med korleis barn i andre land lever
- Song samlinger på Vågåheimen

## **Natur, miljø og teknikk**

Korleis gjer vi det i vår barnehagen?

- Legge til rette for ulike aktivitetar både inne og ute
- Vera ute kvar dag uansett vær
- Oppsøkje ulikt terreng i nærområdet
- Skape nysgjerrigheit og kunnskap om natur og miljø
- Kjennskap til de fire årstider
- Gjenbruk – bruke material til gjenbruk.
- Gjere seg erfaringar med å nytte teknologi og reiskapar



## **Kunst, kultur og kreativitet**

Korleis gjer vi det i barnehagen vår?

- Musikk, song, dans og bevegelse
- Dramatisere ulike eventyr
- Rolleleik
- Legge til rette for utkledding
- Kreativ forming, t.d. male, teikne, lage ting av ulikt material
- Sette opp teater, ha framvising
- Sjå på ymse utstillinga

## VURDERING

Personalet skal vurdere seg sjølv, gjennom eigen refleksjon, med tanke på enkelt barn og barnegruppa. Faglege og etiske vurderingar i høve arbeidet skal inngå i vurderingsarbeidet, og på denne måten utviklar ein barnehagen som pedagogisk verksemd og barnehagen blir ein lærande organisasjon. Dei tilsette skal vurdere om arbeid sitt er i samsvar med barnehagelova og rammeplan.

Barnehagen arbeidar kontinuerleg med kvalitetsutvikling gjennom arbeidet vårt med beste fokus område, kurs, etterutdanning, fagleg relatert oppdatering for heile personalgruppa.

Vi gjennomfører intervju med alle fire og fem åringane våre om trivsel og vennskap i barnehagen. Barn er den beste til å si noko om sin egen trivsel i barnehagen og korleis dei opplever sin eigen kvardag.

Ved avslutning av barnehageåret skal alle barnehagane sine avdelingar dele sine resultat med kvarandre og evaluere arbeidet som har vore gjort.

Foreldresamtalar i løpet av året gjev foreldre høve til å si korleis dei opplever barnehagen og korleis barnet deira trivst og utviklar seg.

Det blir også gjennomført brukarundersøking og medarbeidarundersøking.

Hausten 2023 vart det gjennomført ein stor spørjeundersøking som blir gjennomført av SEPU (senter for praksisretta utdanningsforskning). Denne undersøkinga er ei elektronisk spørjeundersøking i forskings og utviklingsarbeidet "*Laget rundt barnet, eit inkluderande tilpassa tilbod for alle*", og gjennomførast i fire Norddalskommunar; Sel, Vågå, Lom og Skjåk. Dei som deltok var 4- og 5 åringane (etter samtykke frå foreldre), foreldre, tilsette, leiinga.

Formålet var;

- Barnehagen får informasjon om barna si oppleving av barnehagetilbodet
- Barnehagen får informasjon om foreldrenes oppleving av barnehagetilbodet og samarbeide med dei tilsette
- Barnehagen får informasjon over korleis dei tilsette opplever sin eigen arbeidsplass

Alt dette dannar utgangspunktet for vidare arbeid i barnehagen, og ny undersøking vil bli gjennomført hausten 2025.

Det gledelege i denne undersøkinga var at barna trivst godt i barnehagen, og det var ingen forskjell på kjønn.

Jenter og gutar trivst like godt. Det blir spanande å sjå om dette resultatet blir like bra hausten 25.

## OVERGANGAR

### Overgang til barnehagen og mellom avdelingane

Barnehagen har eigen plan for korleis overgangen frå heim til barnehage bør gjerast for at overgangen skal bli så god som mogleg. Denne får alle nye barn før ein startar opp i barnehagen. Det viktigaste er likevel ein tett dialog mellom foreldre og dei tilsette, og signala barnet gjev ved innkøringa.

Dette er viktig for å sikre at overgangen mellom heim og barnehage blir trygg og god både for barn og foreldre.

Likeeins er det barnehagen sitt ansvar at overgangen mellom avdelingane blir så trygg og god som mogleg ved at tilsette følgjer gruppa. Arbeidet med dette startar tidleg om våren og ved bytte av avdeling besøker ein den nye avdelinga ofte for å gjere seg kjent. Ev nye tilsette gjer seg kjent med barna gjennom heile våren og sommaren i uteleiken, og ved å besøke gruppa inne.



### Overgang til skulen

Kunnskap og erfaring frå barnehagen skal vera ei plattform for arbeidet i skulen dei første åra. Dette krev at barnehage og skule har gjensidig kjennskap til kvarandre sitt arbeid. Slik vil ein leggje til rette for eit heilskapleg opplæringsløp som tek omsyn til det einskilde barnet sitt behov. Barnehagen, skulane og dei føresette må vera i god dialog når det gjeld overgangen. Det er viktig å ha ein god overgang mellom barnehage og skule for å sikre ein god informasjonsflyt.

I Vågå er det forankra administrativt og politisk korleis overgangen mellom barnehage og skule skal vere. I løpet av barnehageåret vil det bli eit opplegg i lag med skulen for å sikre at overgangen blir trygg og god. Dette blir gjort ved at 6. årssteget har eit fadderopplegg med 5-åringane, og ein vil ha samarbeid med 1. årssteg. Vi har og bli kjent dagar med 5-åringane frå Tytingen og Lalm det siste barnehageåret.

Alle 5-åringane i Vågå skal i løpet av det siste barnehageåret ha fått kjennskap til det metodiske opplegget «tal – og språksprell» som er basert på mykje leik og samspel med andre. Dette er eit opplegg der det ikkje er lagt opp til at barna skal prestere eller målast opp mot noko.

Målet vårt er at barna er trygge, sjølvstendige og sosialt kompetente den dagen dei går ut frå barnehagen og over til skulen.

## **OPNINGSTIDER**

Opningstidene i barnehagane våre er 07.00 – 16.30.

Barnehagane er stengt frå og med den 24.12 og heile jula til og med nyttårskvelden, er stengt påskeveka og 3 veker om sommaren, vekene; 29,30 og 31. Jf. vedtektene for barnehagane i Vågå kommune.

## **SAMARBEIDSPARTNARAR**

Foreldresamarbeid;

Barnehagen er opptekne av å ha eit godt samarbeid med heimen, det er føresette som kjenner eigne barn best. Vi vil ha aktive og engasjerte føresette som kan vera med og utvikle barnehagane gjennom

### FAU og samarbeidsutval

Barnehage har sitt eige foreldrearbeidsutval som består av alle foreldre og kvar avdeling har sin eigen foreldrerepresentant.

Foreldregruppa er representert i samarbeidsutvalet for barnehagen med to representantar.

Det er etablert foreldrenettverk og foreldreskule for dei foreldre som har komande fyrsteklassingar. Dette arbeidet kjem som regel i gang siste halvåret dei går i barnehagen.

Foreldremøte; 1–2 pr. år.

Foreldresamtalar; alle foreldre får tilbod om to samtaler per barnehageår, og fleire om det er ønskjer om dette.

Andre tverrfaglege samarbeidspartnarar:  
Helsestasjonen, BUP,  
Fysioterapi, Barnevernet, PPT og habiliteringstenesten.

## **PLANLEGGINGSDAGAR**

Barnehagane har fem planleggingsdagar i året. Desse skal nyttast til fagleg påfyll, planlegging og dokumentasjon/evaluering av arbeidet vårt.

To planleggingsdagar hadde vi i august ved oppstart av nytt barnehageår og vi skal ha planleggingsdagar fredag 29. november, torsdag 2.januar og fredag 2.mai-25. Desse dagane er barnehagen stengt og dei tilsette nyttar dei til kursing/ fagleg påfyll.





### **Kontakt info;**

**Marilhøna** mobil 902 48 239, pedagogisk leiar; Monica Grindstuen Hølmo  
[monica.holmo@vaga.kommune.no](mailto:monica.holmo@vaga.kommune.no)

**Ekornet** mobil 453 12 505 pedagogisk leiar; Synnøve K. Bjørgen  
[synnove.bjorgen@vaga.kommune.no](mailto:synnove.bjorgen@vaga.kommune.no)

**Haren** mobil 468 83 520, pedagogisk leiar; Stine Sundero  
[stine.sundero@vaga.kommune.no](mailto:stine.sundero@vaga.kommune.no)

**Rådyret** mobil 469 09 768, pedagogisk leiar; May Lene Vole  
[may.vole@vaga.kommune.no](mailto:may.vole@vaga.kommune.no)

**Elgen** mobil 902 55 196, pedagogisk leiar; Kent Ove Båtstad  
[kent.batstad@vaga.kommune.no](mailto:kent.batstad@vaga.kommune.no)

Tenesteleiar Søre Grindstugu barnehage; Jorunn Linderud mobil 976 05 695  
[jorunn.linderud@vaga.kommune.no](mailto:jorunn.linderud@vaga.kommune.no)

Barnehagen har ein ope facebookside som syner små glimt frå barnehagekvardagen, men mest av alt brukar vi **visma foreldre-app "Min barnehage"** til melding / beskjedar / all skriftleg info mellom barnehage og foreldre, i tillegg til den daglege kontakta morgon og efta.

Her kan også foreldre legge inn ferie, fri eller om barna er sjuke. Avdelingane bruker dagboka her til å syne små glimt frå barnehagelivet.

På Vågå kommune si heimeside er det også linkar til barnehagesida. Her er det lagt ut felles informasjon, lover og vedtekter.

<http://www.vaga.kommune.no/barnehageportalen>

"EG SKULLE YNSKJE ATT BARN I DAG LEIKTE MEIR.  
FOR DEN SOM LEIKER SOM LITEN FÅR EIN RIKDOM INNI  
SEG SOM EIN KAN AUSE AV HEILE LIVET.  
EIN BYGGAR OPP EIN VARM, TRIVELEG VERD INNI SEG.  
EI VERD SOM GJEV STYRKE OM LIVET BLIR VANSKELEG"  
(Astrid Lindgren).

